



Arkivnr: 2018/12865-16

Saksbehandlar: Per Nordmark, Jomar Ragnhildstveit, Tale Halsør, Helene Moe, Lars Øyvind Birkenes, Gunhild Raddum, Eva Katrine R. Taule

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.10.2018

Fråsegn til høyring av arealdelen 2018 - 2030 av kommuneplan for Masfjorden kommune

Samandrag

Masfjorden kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen i samsvar med kommunal planstrategi 2016 – 2020. Ny plan har tidshorisont 2018 – 2030. Føringer i samfunnsdelen, og i noko grad regionale planar er lagt til grunn for planarbeidet. Kommunen er grisgrendt og ser samferdsle og kommunikasjon som særleg viktige satsingsområde. Bru over Masfjorden er kommunen sitt overordna mål for planperioden.

Kommunen har kapasitetsutfordringar for å gjennomføra planarbeidet og har difor leigd inn konsulent. Hordaland fylkeskommune har hatt oppdrag for kommunen med å utarbeida statistikk for sentrale plantema, t.d. folketalsutvikling og pendling. Kommunen har sendt på høyring eit godt og gjennomarbeidd planforslag med planomtale, plankart, føresegner og konsekvensutgreiing.

Forslag til ny arealdel av kommuneplanen har som målsetjing å leggja til rette for heilskapleg og forsvarleg forvaltning av areala i kommunen. Hordaland fylkeskommune gjev nokre råd og set nokre krav, for å sikra at viktige tema vert forsvarleg innarbeidd i planen, og kulturminne sikra.

Hordaland fylkeskommune har etter søknad fått utsett frist til 31.10 for å ha høve til å handsama fråsegn politisk.

Økonomi: Arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune legg til rette for tiltak på fylkesvegnettet, men planvedtak bind ikkje opp fylkeskommunen økonomisk.

Klima: Gjennom vedtak av arealdelen legg Masfjorden til rette for ei viss fortetting som kan gje reduksjon av transportarbeid. Planen fokuserer på risiko ved klimaendringar og bidreg til at negative konsekvensar vert redusert.

Folkehelse: Masfjorden kommune har fokus på lokalsamfunnsutvikling, sosial tryggleik og felles kultur.

Regional planstrategi: Arealdelen for Masfjorden kommune er i samsvar med det langsiktige målet i regional planstrategi og særleg hovudmålet om ei klima- og miljøvenleg utvikling.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune ved Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev slik uttale ved høyring av arealdelen 2018 – 2030 av kommuneplan for Masfjorden kommune (KPA).

1. Masfjorden kommune definerer kommuneplanen sin arealdel som kommunestyret sitt fremste styringsverktøy i høve til å påverke arealutviklinga i den retning lokalsamfunnet ønskjer. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* støttar kommunen i denne prioriteringa. Utvalet meiner det er gjort eit godt arbeid med utarbeiding av planforslaget og at Masfjorden kommune i planarbeidet har lagt vekt på føringar i regional planstrategi og regionale planar.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen i planskildringa omtalar medverknad i planprosessen, og korleis dette er vektlagt og innarbeidd i plandokumenta. Vidare rår vi til at kommunen utarbeider ein strategi for informasjon og forankring av vedtatt plan både i lokalsamfunnet, og i kommunen politisk og administrativt.
3. Trygg skuleveg er eit viktig prinsipp som må gjelde ved etablering av nye bustadområder, og som i større grad bør leggest til grunn og innarbeidast i KPA for Masfjorden kommune. Etablering av sykkelveggar mellom viktige målpunkt skal ha høg prioritet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen vidarefører samarbeidet med nabokommunar og tar nye initiativ for å få på plass ein interkommunal plan for sjøareala der Fensfjorden vil vera sentral, og at nye areal for akvakultur vert lagt til rette på bakgrunn av ein slik plan.
5. Universell utforming er langt på veg sikra gjennom teknisk forskrift (TEK), men kommunen har eit større handlingsrom ut over TEK. Dette bør fangast opp i arealplanlegginga, og er eit viktig verkemiddel for å skapa eit meir inkluderande samfunn og leggje til rette for at eldre kan bu lengre i sin eigen heim. Det vert rådd til eit eige punkt i føresegnene om universell utforming.
6. Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel. Vi ber om at handel vert omtala som plantema i planskildringa, og at føresegna om handle i regional plan vert innarbeidd i føresegnene til KPA.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen innarbeider mineralske ressursar, spesielt byggeråstoffa grus og pukk som eit plantema i kommuneplanen sin arealdel, mellom anna for å unngå nedbygging av førekomstar som kan vere aktuelle for uttak.
8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vil peika på at Masfjorden kommune har verdifulle nyare tids kulturminne. Utvalet har merknader og råd når det gjeld forvaltning av ein del av desse. Vi ber om at våre merknader i denne fråsegna vert lagt til grunn ved ferdigstilling av arealdelen av kommuneplanen.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at areal B-07 Storeskjeret på Sandnes er i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar, båtstør med Askeladden id 102118. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort når avgrensing av arealføremålet er justert og kulturminnet si omsynssone i plankartet er retta opp.
10. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at Omsynssone H730 – bandlegging etter lov om kulturminner manglar for Askeladden id 213761, Askeladden id 221585 og Askeladden id 235882. Det er knytt motsegn til desse punkta. Motsegn fell bort når dette er retta opp i plankartet.

11. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* tek atterhald om byggeområde i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøareal.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.10.2018

1. Bakgrunn

Masfjorden kommune har sendt arealdelen 2018 – 2030 av kommuneplanen på høyring med frist 06.09.2018. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 31.10.2018. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsetjingar i regionale planar.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremja må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 22.11.2016.

2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser

2.1 Samfunnsdel

Kommunen utarbeidde samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen samstundes med vedtak i 2012. I samband med denne planprosessen vart det i 2012 utarbeidd eit verdikart for kommunen. Samfunnsdelen og verdikartet frå 2012 er viktige grunnlagsdokument ved rulleringa av arealdelen 2018 – 2030.

2.2 Arealdel

Planskildring

Planskildringa er oversikteleg og godt redigert. Kommunen har her definert ein hovudstrategi for planperioden: «Bru over Masfjorden – vegen til vekst og utvikling». Kommunen har vidare definert ein senterstruktur med Sandnes som kommunesenter, Hosteland og Haugsvær som lokalsenter og Matre som nærsenter. Kommunen har i planen særleg fokusert på *levande bygder, natur og kultur* og *næringsutvikling*.

I eige kapittel er utfordringar og drivkrefter skildra med fokus på *folketalsutvikling, næring og sysselsetting*, og *pendling*.

Plankart

Plankartet dekker heile kommunen og viser tilrådd arealbruk. Tilgjengelegheita av plankartet til bruk ved høyringa burde vore betre. Vi viser til fråsegn om dette frå NVE.

Føresegner.

For ulike byggeområde er det i føresegnene sett opp tabellar over areal der det gjeld krav om utarbeiding av detaljplan. Dette gjer planen enkel å forstå og enklare å bruka.

Merknad: Vi saknar ei oversikt/ein tabell som lister alle LNF-kan område både for bustad og for fritidsbustad. I ein slik tabell må tal for nye bygg i planperioden visast for kvart arealelement/område.

Konsekvensutgreiing

I planskildringa er konsekvensutgreiing(KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) omtalt, med informasjon om kunnskapsgrunnlag og vurderingstema som er brukt. Alle arealinnspel er vurdert individuelt og presentert i KU-utgreiinga. Dette er eit eige dokument som er vedlegg til plandokumenta. Hovuddokumentet med KU er datert 21.12.2017. I tillegg er det gjort ei KU-utgreiing av nye og endra arealelement 22.06.2018. Til saman er 43 arealelement tilrådd etter KU-utgreiing, desse er alle skildra i planskildringa. Dette er om lag halvparten av innspela som vart KU-utgreidd.

3.Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel.

3.1 Generelt om planen

Masfjorden kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen i samsvar med kommunal planstrategi for 2016 – 2010, og oppstart vart kunngjort i 2016. Kommunen byggjer rulleringa på planstrategien og føringar i samfunnsdelen av kommuneplanen. I saksframlegget til vedtak om utlegging av arealdelen til offentleg ettersyn står: «Kommunen sin arealdel er kommunestyret sitt fremste styringsverktøy i høve til å påverke arealutviklinga av kommunen i den retning lokalsamfunnet ønskjer, ved at det er i denne planen ein styrer utviklinga og omfanget av ulike typar arealbruk, lokalisering og utbyggingsmønster i kommunen.» Dette er ei god og forpliktande formulering. Vi vurderer at kommunen har lagt vekt på å gjennomføra eit planarbeid og utarbeida ein arealdel som står i forhold til dette.

I mindre kommunar vil det vera utfordrande både fagleg og når det gjeld kapasitet til å få på plass ein god arealdel. Ein arealdel som byggjer på god og oppdatert kunnskap, er førande for ønska utvikling, motiverer til god forvaltning og utvikling, innfrir formelle krav og er brukarvenleg. Vi ser det som positivt at kommunen har nytta seg av konsulentkompetanse for å sikra både kvalitet og kapasitet. Vi ser det og som positivt at kommunen har fått gjort utgreiingsarbeid som gjev faktakunnskap som grunnlag for prioriteringar og vedtak.

Bruk av konsulent har den ulempa at kommunen sin eigen administrasjon, og lokalmiljøet ikkje er så tett på prosessen, og at planen ved det ikkje vert forankra så godt som ønskjeleg. Kommunen bør ha ein strategi for korleis arealplanen skal gjerast kjent, forankrast og brukast. Dette kan med fordel omtalast i planskildringa.

Medverknad:

Dette skriv kommunen i planprogrammet om medverknad.

Kommunen ønskjer god deltaking i revisjonsarbeidet med kommuneplanen. Planarbeidet vil påverke innbyggjarar i alle aldersgrupper, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar og folk som eig fritidseigedom i Masfjorden. Då må dei også få høve til å sei noko om kva dei ser som utfordringar og foreslå løysingar i dialog med kommunen. Forskrift om konsekvensutgreiing vil også bidra til å sikre medverknad i planprosessen. Høyring av planprogrammet vil gje høve til å påverka kva spørsmål som skal utgreiast, og i kva grad det er semje om tilrådde alternativ. Kommunen vurderer at det ikkje er nødvendig å arrangere ope møte om planprogrammet isolert.

Planskildringa omtalar medverknad slik, i forordet:

Med dette vert Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2018-2030 med planskildring, plankart, føresegner av 27.06.2018 , med vedlagde konsekvensutgreiing og ROS-analysar lagt ut til offentleg ettersyn, slik at innbyggjarar, grunneigarar, organisasjonar og offentlege høyringsinstansar kan koma med fråsegn og merknader. Frist for merknader vert sett til 6. september 2018.

Merknad: Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel skal vera førande for utviklinga av kommunen i ein 12-års periode. Det er difor viktig at innbyggjarane, myndigheiter, næringsaktørar, lag og organisasjonar m.m. er involvert i å identifisera utfordringar og behov, og at dei deltek med å formulera ønskje og målsetjingar. Ikkje minst er det viktig at dei i stor grad stiller seg bak dei val og prioriteringar som vert gjort. Dette er viktig for identitet, men og for motivasjonen til å bidrar til ønska forvalting og utvikling slik at kommunen når sine mål.

I planskildringa saknar vi ein omtale av medverknadsprosessane, av innspel som er gitt, og av korleis desse innspela er vurdert og tatt omsyn til i planen. Dette kan med fordel innarbeidast i planskildringa.

3.2 Samordna areal og transport

Bustadutvikling og næringsutvikling leggje føringar på transporttilhøva i kommunen. Fylkeskommunen viser til dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* som vart vedtatt i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsmønstre og transportsystem skal leggja til rette for mest mogleg effektiv og miljøvenleg transport, slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsetjingane er innarbeidd i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional transportplan for Hordaland*, og *Kollektivstrategi for Hordaland*.

I samband med uttale til samfunnsdelen av kommuneplanen vart kommunen oppmoda om å leggja til rette for bustadbygging og arbeidsverksemdar langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar, då eit mogleg kollektivtilbod avhenger av fortetting av få utvalte områder. Vidare bør ikkje eit bustadområde liggja lengre enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilbodet skal vere eit attraktivt og eit reelt alternativ til bruk av personbil.

I Kommuneplanen sin arealdel som no er på høyring er det skissert opp 19 område for bustadbygging. Dei fleste av desse ligg langs eit eksisterande vegsystem med kollektivtilbod. Det er positivt. Mange av områda vil opna for få nye hus i eit område med allereie spreidd busetnad. Fleire av desse er ikkje tilknytt eit nærsenter-område og skuletilbod. Det vil og vera behov for utbetring eller etablering av ny avkjørsle til fylkesveg for nokre av områda. Som vegeigar er fylkeskommunen generelt bekymra for ei utvikling som legg opp til svært spreidd busetnad.

Av omsyn til trafikktryggleik er det eit mål å kunne avgrensa, og om mogeleg redusera talet på avkjørsler på fylkesvegnettet. Dette krev ei medviten haldning til arealplanlegging, der ein unngår spreidd besetning og behov for å etablere nye påkoplingar til det eksisterande hovudvegnettet. Vi vil rå kommunen til å vurdere nokre av områda på nytt der det særleg vert lagt vekt på nærleik og tilkomst til skule og eit senterområde. Trygg skuleveg er eit viktig prinsipp som må gjelde i etablering av nye bustadområder, og som i større grad bør leggest til grunn i KPA for Masfjorden kommune. Barn og unge i Masfjorden kommune vil i stor grad vere avhengig av kollektivtransport, mellom anna til og frå skule. Vektlegging av område med trygg og effektiv tilkomst til haldeplass er difor særst viktig. Vi minner om at kommunen vil vera ansvarleg for skuleskyss grunna farleg skuleveg under 2 km (1. klasse) og 4 km (frå 2. klasse).

Fylkesrådmannen er positiv til utvikling av nye bustadområde nær Hosteland, men vil tilrå at vidare utbygging av område med lang veg til skule og manglande tilknytning til eksisterande vegnett vert vurdert på nytt. Døme på eit slikt område er B-13 Solheim.

3.3 Barn og unges interesser

Barn og unge sine interesser har hatt eit tydeleg fokus og er vurdert i KU. Vi vurderer at barn og unge sine interesser er tilstrekkeleg ivaretatt i planarbeidet og arealplanen.

3.4 Folkehelse

Konsekvensutgreiinga inkluderer tema folkehelse. Desse tema er vurdert for alle arealinnspeil:

- Støy, radon-aktsemd og anna forureining
- Tilgang til friluftsområde, sjø og idrett/leik m.m.
- Bu-kvalitetar i form av lokalklima og soltilhøve
- Tilrettelegging for universell utforming

Fylkesrådmannen vurderer dette som gode og sentrale tema. Men i ein kommune der folk bur spreidd og møteplassar ikkje er lett tilgjengeleg er vilkår for sosialt liv, og utfordringar med einsemd viktige samfunnsutfordringar. Dette er difor eit tema som bør vurderast før ein konkluderer om lokalisering av nye tiltak.

3.5 Universell utforming

Universell utforming er langt på veg sikra gjennom teknisk forskrift (TEK), men kommunen har eit større handlingsrom ut over TEK. Dette bør fangast opp i arealplanlegginga og er eit viktig verkemiddel for å skapa eit meir inkluderande samfunn og leggja til rette for at eldre kan bu lengre i sin eigen heim.

Merknad: Vi tilrår difor at desse punkta vert tatt inn i føresegnene:

Universell utforming

- Reguleringsplanar skal gjera greie for universell utforming både internt i planområdet og i samanheng med omgjevnadane.
- Bygningar, uteareal og tilknytning til nærområde skal utformast på ein slik måte at flest mogeleg kan bruka desse på ein likeverdig måte.
- Nye bustader må leggja til rette slik at alle hovudfunksjonar kan vera på inngangsplanet. Trinnfri tilkomst skal være hovudprinsipp.
- For Handicap (HC) parkering skal det presiserast at dette skal vera plant, nær inngang og godt opplyst. (Statens vegvesen si handbok V129 har tilrådingar om utforming av HC-parkeringsplassar).

3.6 Klima og energi

Klimaplan for Hordaland 2014-2030 slår fast at Hordaland fylke skal ha eit klimavenleg utbyggingsmønster (5.3. Strategiar for arealbruk og transport, Strategi A).

Regional plan har mellom anna slike retningsliner for planlegging (kursiv):

Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast mogleg utslepp av klimagassar.

Retningslina skal sikre at eksisterande jordareal ikkje blir omdisponerte til byggeføremål, og at eventuelle uttak av massar blir handtert på ein måte som sikrar lågast moglege utslepp av klimagassar.

Merknad: Generelle retningsliner til KPA bør ha med ei føresegn tilsvarande føresegn i regional plan: Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast mogleg utslepp av klimagassar.

Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.

Planen nemner sykkelveggar, og det er positivt at kommunen vurderer dette. Det er likevel viktig å presisere at sykkelveggar mellom viktige målpunkt er ein av berebjelkane i eit klimavenleg utbyggingsmønster, og dessutan eit viktig folkehelsetiltak.

Merknad: Målsetjing om etablering av sykkelveggar mellom viktige målpunkt bør innarbeidast i retningslinene til KPA.

Klimatilpassing: Klimaplan for Hordaland 2014-2030 har retningsliner for tilpassing til klimaendringar, der følgjande er relevante i denne planen:

Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og setja i verk tiltak som bidreg til å gjera kommunen meir budd på klimaet i framtida.

Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdområde for flaum og skred.

Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstiging og stormflo.

Planlegging skal sikre handtering av overvatn og dimensjonera avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør. Vi viser for dette deltema til fråsegn frå NVE, der dei peiker på mangelfull kartfesting av funn frå KU og ROS, og potensielt mangelfull kartlegging av flaumsoner og havnivåstiging. Dette er i strid med retningslinene i regional plan for klima- og energi.

NVE gjennomfører no eit nasjonalt prosjekt der målet er å vurdere potensiale og mogelege lokalitetar for etablering av vindmølleparkar. Masfjorden er peika på som eit område med stort potensiale. Kommunen har ikkje hatt høve til å vurdere spørsmålet om lokalisering av vindmøller og temaet er ikkje omtala i framlegget til arealdel.

3.7 Landskap

Vår vurdering er at landskapsverknader av arealbruk og mogelege tiltak det er lagt til rette for i planen er godt vurdert i konsekvensutgreiinga. Vi har ikkje vidare merknader knytt til landskap.

3.8 Senterstruktur og handel

Masfjorden kommune har definert ein sentrerstruktur med Sandnes som kommunesenter, Hosteland og Haugsvær som lokalsenter og Matre som nærsenter. Det er i samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Senterstrukturen er omtalt og definert i planskildringa, og utstrekning av dei einskilde sentera er fastsett i føresegnene 3.1.10. Vi ønskjer og vil rå til at kommunen dessutan legg dei tilrådde sentrumsavgrensingane inn i plankartet slik at dei er eintydig definert.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel. Denne føresegna bør innarbeidast i føresegnene til planen slik den er formulert i den regionale planen.

3.9 Mineralressursar og skjelsand

Hordaland fylkeskommune si fråsegn ved høyringa av planprogrammet i 2016 omfatta mellom anna råstoffutvinning. Det vart opplyst om at det er kartlagt fleire lokalt viktige førekomstar av byggjeråstoffa sand, grus og pukk i kommunen, og viste til kart på nettstaden «Geologien i min kommune» (<http://geo.ngu.no/kart/minkommune/>).

I fråsegna vart det peika på at eksisterande plankart i liten grad viste område for råstoffutvinning. Det vart og vist til regjeringa sine forventningar til regional og lokal planlegging (2015), der det vert forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogeleg utvinning, og veg dette opp mot andre samfunnsinteresser. Behovet for, og tilgangen til byggjeråstoff vert sett i ein regional samanheng.

Ved denne høyringa har Direktoratet for mineralforvaltning gitt fråsegn vedkomande forvaltning og utnytting av mineralske ressursar. Ifølgje fråsegna har ikkje kommunen følgd oppmodinga frå direktoratet om å gjere ei vurdering av ressursituasjonen og behovet for mineralske ressursar i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Direktoratet viser til rundskriv frå juni 2017, om ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8). Direktoratet oppmodar kommunen til å leggje ein arealstrategi i neste planperiode som inneber kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar, kommunalt og regionalt. Direktoratet har og fleire tilrådingar i fråsegna si, som å prioritere uttak frå førekomstar som alt er i drift før ein opnar nye uttak.

Vurdering

Forventningane frå nasjonalt nivå til regional og lokal planlegging/forvaltning av mineralske ressursar har blitt tydelegare dei seinare åra. Men det følgjer og av plan- og bygningslova § 11-7 at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal visa arealformål som er angitt, mellom anna areal for råstoffutvinning.

I følgje regional planstrategi for Hordaland (2016-2020) skal det utarbeidast ein ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar, som og kan omhandla forvaltning av stein, grus og mineralar, og dessutan bruk av overskotsmassar frå samferdselanlegg.

Rapporten «Ressursregnskap for grus og pukk i Hordaland 2013» (NGU rapport 2014.048) viser at det er registrert 21 grusførekomstar, tre pukkførekomstar og éin steintipp i kommunen. Ifølgje rapporten har det tidlegare vore store uttak av grus frå fleire av dei små førekomstane i kommunen, men at kommunen i 2013 var avhengig av å importere pukk. Førekomstane i kommunen er registrert som mogelege, framtidige uttaksområde, som kan nyttast dersom det vert lagt til rette for uttak.

Mineralske ressursar, spesielt byggjeråstoffa grus og pukk, bør vere eit plantema i kommuneplanen sin arealdel, mellom anna for å unngå nedbygging av førekomstar som kan vere aktuelle for uttak.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at nokon av dei nye føreslåtte areala i kommuneplanen sin arealdel vil vere i konflikt med registrerte førekomstar av mineralske ressursar.

3.10 Strandsone

Masfjorden er ei kommune med mykje strandsone. Kommunen viser til at det i verdikartet utarbeidd i 2012 er kartlagt og innarbeidd funksjonell strandsone. Verdikartet er brukt som vurderingsgrunnlag i planarbeidet, og særleg i høve til KU. Det har sikra ei konkret vurdering i høve ny og endra arealbruk i framlegg til arealdel.

3.11 Akvakultur

I fråsegn til oppstart av planarbeidet peika fylkeskommunen på at marine næringar/akvakultur er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Kommunen vart oppmoda om å leggja til rette for ei berekraftig og lønsam utvikling av desse næringane.

Miljøsituasjonen i Masfjorden har utvikla seg negativt, og Fylkesmannen trekte i 2017 tilbake utsleppsløyve for to lokalitetar. Kommunen har mellom anna på denne bakgrunn konsekvensutgreidd og lagt til rette for utviding av 3 lokalitetar, og for nytt areal for ein lokalitet.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at kommunen her har lagt til rette areal og rammevilkår for marine næringar/akvakultur innanfor kommunegrensene, sjølv om kommunen peikar på utfordringane som ligg i at sjøareala bør forvaltast uavhengig av kommunegrensar. Utviding av eksisterande anlegg og tilrettelegging for ein ny lokalitet bør gjerast etter at det er utarbeidd ein interkommunal plan for relevante sjøareal.

Fylkesrådmannen rår til at kommunen vidarefører samarbeidet med nabokommunar og tar nye initiativ for å få på plass til ein interkommunal plan for sjøareala der Fensfjorden vil vera sentral, og at nye areal evt. vert lagt til rette på bakgrunn av ein slik plan.

3.12 Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesrådmannen v/fylkeskonservator har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Innspela er todelt: 1) Nyare tids kulturminne og 2) Automatisk freda kulturminne.

Nyare tids kulturminne

1) Innspel til planskildringa

Areal nr: B-03 Hope, på Gnr/bnr 34/5

Noverande planstatus: LNF. Forslag til nytt arealføremål: LNF for spreidde bustader, fritidsbygningar- eller næringsbygningar, ev. spreidde bustader eller spreidde fritidsbusetnad. Dei aktuelle areala (tomtane) ligg i eit større, samanhengande kulturlandskap.

Merknad: Ein må sikre at nytt arealføremål ikkje får negative konsekvensar for kulturmiljøet, jf. generelle føresegn.

Areal B-05 Botnaneset, på gnr/bnr 31/1/17

Noverande planstatus: LNF og friområde. Forslag til nytt arealføremål: Bustader. Området ligg ved eksisterande prestebustad. Den nordlege delen av neset er eit mykje nytta friområde. Det blir av kommunen anbefalt å halde friområdet i nord med same avgrensing som i dag, og dermed leggje det nye bustadområdet både aust og vest for prestebustaden. Kommunen føreset at det blir stilt plankrav til området, og at ny plan óg må omfatte eksisterande tilkomst frå fylkesvegen. Det SEFRAK-registrerte våningshuset på prestegarden ligg i området. Bygningen med opparbeidd tomt utgjer eit lokalt kulturmiljø. Ved avkøyrsløse frå Fv. 570 ligg det to SEFRAK-registrerte låvar, desse ligg rett utafor planområdet.

Merknad: Det verneverdige kulturmiljøet med hageanlegg knytt til prestegarden bør merkast i plankartet med omsynssone bevaring kulturmiljø H570.

Areal B-18 Hosteland nord, på gnr/bnr 14/6

Noverande planstatus: LNF. Forslag til nytt arealføremål: LNF – spreidde bustader. Grunneigar ynskjer å leggja til rette for småhus. Området har mogleg tilkomst anten over grunneigar sin eigedom, eller frå naboeigdommen.

Merknad: Det ligg fire SEFRAK-registrerte bygningar i området. To av dei er meldepliktige, jf. kml § 25, og det eine av desse to ligg heilt inntil bnr 6. Vi ber om at det vert tatt omsyn til desse bygningane og at dei vert teken i bruk som ressurs, dersom det vert lagt til rette for småhus.

Areal B-19 Træet, på gnr/bnr 14/2

Noverande planstatus: Bustad og småbåthamn. Forslag til nytt arealføremål: LNF – spreidde bustader og naust. Området inkluderer tre eksisterande bustader. Området omfattar óg Hosteland kai og eksisterande naustmiljø. Naust blir vurdert som eit eige innspel, sjå Areal NA-07. Området vart i førre kommuneplan omgjort frå LNF til bustader med plankrav, og ein ynskjer no å fjerna plankravet for å leggja til rette for nye sentrumsnære bustadtomter. I følgje KU får ikkje endring av føremål påverknad på kulturmiljøet rundt dei gamle nausta på Hosteland kai.

Merknad: Vi viser til våre merknader under Areal NA-07 Træet og Skredsvika.

Areal B-26 Torsvik, på gnr/bnr 6/3

Noverande planstatus: LNF. Forslag til nytt arealføremål: LNF – spreidde bustader. Innspelet handlar om å utvida eksisterande område med LNF – spreidde bustader mot sør. Innafor området er det ei løe som i følgje SEFRAK-registeret er meldepliktig då den er eldre enn 1850.

Merknad: Kommunen må ta omsyn til den meldepliktige bygningen jf. kulturminnelova §25. Bygningen bør takast vare på som bruksressurs, jf. punkt 4.9 i dei generelle føresegnene til KPA.

Areal B-28 Haugdalsbakken, på gnr/bnr 1/8

Noverande planstatus: Bustader. Forslag til nytt arealføremål: LNF – spreidde bustader med alternativ utforming. Tilkomstveg går gjennom eit gardstun. Kommunen finn det ikkje ønskeleg å leggja til rette for gjennomgangstrafikk gjennom garden, og legg difor opp til at det må etablerast felles tilkomstveg, helst utanom for gardstun.

Merknad: Hordaland fylkeskommune synest det er positivt at ein ønskjer å etablere ein tilkomstveg utanom gardstunet. I gardstunet er det tre SEFRAK-registrerte bygningar, ein av desse er meldepliktig jf. kml §25. Vi ber om at ein sørgjer for at ein *eventuell* tilkomstveg gjennom gardstunet ikkje får negativ påverknad på det kulturmiljøet som bygningane utgjer.

Areal NÆ-05 Træet, på gnr/bnr. 14/36, 10, 85

Noverande planstatus: LNF. Forslag til nytt arealføremål: Næringsbygningar eller fritids- og turistføremål. Området er meint brukt til utleige av hus og hytter for overnatting/ferieformål, samt båtutleige. Det er óg planlagt marina og båtservice.

Merknad: Innanfor området er eit SEFRAK-registrert våningshus, og rett ved sidan av arealområdet er ei meldepliktig løe, eldre enn 1850. Vi ber om at det vert teken omsyn til løa jf. kulturminnelova §25. Både våningshuset og løa bør takast vare på som bruksressurs, jf. punkt 4.9 i dei generelle føresegnene til KPA.

Areal NA-07 Træet og Skredsvika, på gnr/bnr.: 14/2, 3, 5, 6, 7, 8, 20, 30

Noverande planstatus: Bustad og småbåthamn (aust). LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (vest). Forslag til nytt arealføremål: Naust.

Det eine arealet (aust) er eit eksisterande naustområde med feil arealføremål (bustadområde). Arealet består av eit naustområde med fleire bygg som er eldre enn 1850, og som difor er meldepliktige, jf. kml §25. Naustmiljøet har omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø i gjeldande kommuneplan. Arealet ligg i 100-metersbeltet. Innanfor 100-metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Arealet blir tilrådd omdisponert til naustområde med krav til detaljplan.

Det andre arealet (vest) er eit LNF-område der det tidligare har vore fleire naust. Arealet i vest har ingen noverande bygningar, med unntak av eitt. Arealet har tidligare hatt fleire naust, men desse er rivne med åra. Arealet blir tilrådd som område for spreidd naustbygging utan plankrav, med eigne føresegner.

Merknad: Omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø i gjeldande kommuneplan må vidareførast. Det må takast omsyn til verneverdig naustmiljø.

Areal SK-01 Hope, på gnr/bnr 34/5

Noverande planstatus: Småbåthamn og bruk og vern av sjø og vassdrag. Forslag til nytt arealføremål: Småbåthamn. Innspelet gjeld utviding av småbåthamn- område S-01 i eksisterande plan mot sør, for å leggja til rette for felles småbåtanlegg for bygda. Gjeldande plan legg opp til etablering av småbåthamn på 15x20 meter utan reguleringsplan. Det vert ikkje opna for større tiltak enn dette utan eventuell reguleringsplan. Det vert soleis difor berre opna for ei anna utforming av småbåthamna gjennom utvidinga av området i kommuneplanen. Både rett nord for og rett sør for innspelt areal er det tre SEFRAK-registrerte naust som er meldepliktige. Føreslått område for småbåthamn får ikkje direkte påverknad på nausta, men tiltaket vert likevel synleg.

Merknad: Nausta både nord for og sør for arealet utgjer lokalt viktige naustmiljø. Etablering av småbåthamn må ta omsyn til det verneverdige naustmiljøet, særleg i høve utforming av tilkomstveg og inngrep i terreng.

2) Innspel til føresegner

Punkt 4.9 Omsyn til eksisterande byggverk og kulturmiljø, plan og bygningslova § 11-9 nr 7.

Merknad: I andre avsnitt under punkt 4.9 står det:

«Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne eller kulturmiljø, (som til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»

Hordaland fylkeskommune rår til at andre avsnitt blir endra til:

«Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne eller kulturmiljø, (som til dømes sjøbruksmiljø) skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»

Punkt 5.4.7 Bevaring av kulturmiljø

Merknad: Hordaland fylkeskommune rår til at ein under dette punktet inkluderer ei liste over dei områda som har omsynssone 570 bevaring av kulturmiljø.

Automatisk freda kulturminne

Masfjorden kommune har gjort eit grundig og omfattande arbeid med konsekvensutgreiinga (KU) i høve til føreslegen arealbruk. Eit av desse areala, B-07, er likevel i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne Askeladden id 102118. Plankartet si avgrensing stemmer ikkje overeins med avgrensinga i Askeladden. Ut frå kartet ser det ut til at det er enkelt å justere dette slik at konflikt vert unngått. For å unngå nærføring til Askeladden id 102118, bør delar av det som i gjeldande kommuneplan er LNF nord for kulturminnet, også forbli det i ny plan. Dette gjeld sjølve Storeskjeret og arealet aust for parkeringsplassen.

Når det gjeld lokalitetar som er registrert i Riksantikvaren sin database Askeladden som automatisk freda, så er det ikkje kjent fleire enn 15 i Masfjorden. I kommuneplanen er dei fleste av desse merkt som omsynssone H730 – bandlegging etter lov om kulturminner. Arealplankartet inneheld likevel manglar med omsyn til avmerking av automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne. Dei fleste av dei registrerte automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne er vist i kommuneplankartet som omsynssone d) (SOSI-kode H730, jf. pbl § 11-8, d). Askeladden id 213761, buplass frå steinalder, Askeladden id 221585, skålgropstein og Askeladden id 235882, gravrøys, er ikkje merka med omsynssone. Den generelle fem meters sikringsona rundt dei freda kulturminna bør også inkorporerast i omsynssona.

Fylkesrådmannen v/ fylkeskonservator har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i samband med kommuneplan for Masfjorden. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einkilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal.

Føresegner og retningslinjer

Fylkesrådmannen ser at retningslinjene for omsynssonene H570 – *bevaring kulturmiljø* og H730 - *bandlagt etter kulturminnelova* i arealplanen er tent med ei styrking og presisering. Masfjorden kommune bør i avsnitt «5.4.9 Bandleggingssone» presisere føresegner/retningslinjer som dekker inn eventuelle tiltak.

Forslag til presiseringar som må takast inn i føresegner/retningslinjer.

- *Alle tiltak innafor omsynssone C - H570 skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.*
- *Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne. Jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.*
- *Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking skal dekkjast av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.*

Marine kulturminne

Planen har og vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Muséet sitt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkningsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Areal nr: B-07 Storeskjeret på Sandnes: Det er usikkert når båtstøene i området er i frå, men skisseteikningar frå 1820 åra syner ei båtstøfordeling. Utbygging av dagens fergekai og fylkesveg har øydelagt nokre av desse. Ei vidare utbygging her vil verte negativt for dette kulturminnet og eventuelle kulturminne i området som ikkje enno er registrert.

Areal nr: NÆ-04 Selvåg: Vi har ingen indikasjon eller kjennskap til området anna enn at det ser ut som ei grei naturhavn.

Areal nr: NA-04 Solheimsneset: Vi har ingen indikasjon eller kjennskap til området anna enn at det ser ut som ei grei naturhavn.

Areal nr: SK-02 Neset på Sandnes: Vi har gjennomført marinarkeologiske registreringar i nærleiken. Då det er svært nærdjupt i området anser vi potensialet som lågt.

Areal nr: SK-03 Solheim: Vi har ingen indikasjon eller kjennskap til området anna enn at det ser ut som ei grei naturhavn.

Det er eit generelt potensial for maritime kulturminne i Masfjorden. Gjennom 25 år med forvaltning ved Bergens Sjøfartsmuseum er Masfjorden lite undersøkt og vi har difor lågare kunnskapsgrunnlag her enn andre stader. Det vil difor bli gjennomført utvida kildesøk i sakar som omhandlar utbygging i sjø. Det er ikkje påvist nye maritime kulturminner i Masfjorden som Bergens Sjøfartsmuseum kjenner til.

Kyrkjestader frå mellomalderen

Kommuneplanen sin arealdel femnar om fleire kyrkjestadar, mellom dei ein freda kyrkjegard frå mellomalder, id 84404-3, ved den listeførte Sandnes kyrkje, id 84404-2. Dette er kulturminne – kulturmiljø som i dag har forvaltninga lagt direkte inn under Riksantikvaren. Planen har vorte sendt over for fråsegn innan dei forvaltningsområda dei har. Fråsegna vil bli ettersend når den ligg føre.

4. Oppsummering

Masfjorden kommune har gjeldande arealdel av kommuneplanen frå 2012. På bakgrunn av samfunnsdelen av kommuneplanen frå 2012 og kommunal planstrategi 2016 – 2020 har kommunen i 2016 utarbeidd planprogram og vedtatt rullering av arealdelen.

Det var i samband med utarbeiding av kommuneplanen 2012 laga eit verdikart for heile kommunen. Dette er lagt til grunn og ved denne rulleringa. Kommunen har lagt til rette for medverknad og innspel og har definert eit hovudmål for planperioden: «Bru over Masfjorden», eit tiltak som er vurdert å få positive konsekvensar for kommunen på mange område. Kommunen har fokus på folketalsutvikling, men og på å skapa godel lokalsamfunn. Vidare har kommunen fokusert på å definera ein senterstruktur, leggja til rette for levande bygder, god forvaltning av natur og kultur og å leggja til rette for næringsutvikling.

Kommunen har hatt kapasitetsutfordringar for å gjennomføra planarbeidet i eigen organisasjon og har nytta seg av konsulent. Det er utarbeidd tenelege plandokument som vil sikra ei kontrollert og styrt vidare utvikling av kommunen. Fylkeskommunen sine interesser er i hovudsak ivaretatt i planen, men fylkesrådmannen tilrår endring på nokre punkt der planen bør justerast, og der det er konflikt med freda kulturminne.